

HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

## MØTEINNKALLING

**Utval:** Valnemnd  
**Møtestad:** Formannskapssalen Herøy rådhus  
**Dato:** 20.09.2018  
**Tid:** 15:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

---

Fosnavåg, 13.09.2018


Idar Tarberg  
leiar

## **SAKLISTE:**

Saksnr	Innhold
PS 14/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 15/18	Protokoll frå førre møte.
PS 16/18	Val av to styremedlemer med personlig vara til styret i Herøy frivilligsentral 2018-2019
PS 17/18	Fritak politiske verv - Reidun Myrvågnes

**PS 14/18 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**PS 15/18 Protokoll frå førre møte.**



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	ENG	Arkivsaknr:	2018/1234
		Arkiv:	

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
16/18	Valnemnd	20.09.2018
114/18	Kommunestyret	20.09.2018

### VAL AV TO STYREMEDLEMER MED PERSONLIG VARA TIL STYRET I HERØY FRIVILLIGSENTRAL 2018-2019

#### Tilråding:

Til styret i Herøy frivilligsentral for perioden 2018-2019 vert valde:

Styremedlem:

Vara:

Særutskrift:  
Dei valde  
Herøy frivilligsentral  
kulturleiar

**Vedlegg:**  
[Årsmelding 2017](#)

**Samandrag av saka:**

**Saksopplysningar:**

Styret for sentralen skal ha 5 valde medlemmer. 1 medlem valt frå kommunestyret og 4 medlemmer valt frå lag og organisasjonar etter innstilling frå styret i frivilligsentralen. Styret, inkl. leiar, vert vald for 2 år om gongen. Medlem valt frå kommunestyret fylgjer den politiske valperiode på 4 år.

Styret konstituerer seg sjølv og vel leiar og nestleiar.

Dagleg leiar er sekretær på styremøta, og har tale- og forslagsrett.

Kulturleiaren har møte og talerett.

Det skal sendast ut innkalling og referat frå styremøta.

Magne Nærø og Terje Krogset står på val.

Styret innstiller fylgjande for to år:

- Styremedlem: Magne Nærø, med Kurt Are Skarbø som personleg vara.
- Styremedlem: Solfrid Hagemann, med Anlaug Varhaugvik som personleg vara.

Fosnavåg, 31.08.2018

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eileen Gjerde

## Årsmelding Herøy Frivilligsentral 2017.

### Tenester og oppgåver i avdelinga

Frivilligsentralen i Herøy skal bidra til å gjere Herøy kommune til ei enno betre kommune å bu i ved å kartlegge, synleggjere og ta i bruk dei frivillige ressursane i kommuna. Frivilligsentralen skal vere eit knutepunkt og bindeledd mellom dei som vil yte ein ubetalt innsats i nærmiløet/lokalsamfunnet og dei som ynskjer å motta slik innsats. Fs skal fungere som møteplass og brubyggjar mellom menneske, frivillige organisasjonar/samanslutningar og det offentlege.

<b>Økonomi:</b> I tillegg til statstøtte har vi fått prosjektmidler frå gjensidigestiftelsen: Sykkeltur for personar med nedsett funksjonsevne, 119231,-. Strøsand til eldre i Herøy, 53670,- Tilskot frå Tryg til drift av Natteravntenesta 5000,- Rekneskapen syner eit underskot på 158 015,-. Meirutgifter hovudsakleg til husleige, straum m.v. grunna at eigedomsavdelinga si tilrettelegging for flytting vart sterkt forseinka. Dessutan manglar den årlege overføringa frå pleie og omsorgsavdelinga på 55 000,-, og vi måtte dekkje alle utgifter i forbindelse med middagsombring frå eige budsjett. Den kulturelle spaserstokken med eige ansvarsnummer 4015 har vi dette året nytta 46 568,75 av tildelte 102 641,-.	
<b>Organisasjon:</b>	
Eigar:	Herøy kommune Kulturavdelinga, Eileen Gjerde.
Styret:	Styreleiar: Sigurd V. Nygard, vara Kurt Dalhstrøm (Politisk valt) Nestleiar: Karl Anders Brendmo, vara Karine Sæter (Kyrkja) Styremedlem: Terje Krogset, vara Elsi Hagen (Ytre Herøy pensjonistlag) Styremedlem: Sylvi Lillebø, vara Trine Myklebust. (Herøy Sanitetsforening) Styremedlem: Magne Nærø, Kurt Are Skarbø. (Frivillige)
Dagleg leiar:	100 % stilling, Britt Paulsen tom 12.09. 80% Ingvill Sævik Bjørneset vikar frå oktober.
Møter/kurs/konferansar:	Styremøter: 2 møter der det er handsama 9 saker. Årsmøte: Kommunestyret 21.06. Møter: Integrering: 5. Leiarmøter kulturavdelinga: 15. TV-aksjon: 2. Sommarfest: 3. Styremøter Natteravn: 1. Ytre Herøy ungdomskule: 1. Samarbeidsmøte aktivitet eldre: 2. Psykisk helse: 1. Servicetorget: 1. Kulturgruppe omsorgssentera: 2. Nettverk Søre Sunnmøre: 2.
<b>Tenester:</b>	
Frivillige lag og organisasjonar	<ul style="list-style-type: none"><li>• Utlån av lokalet: Herøy senioruniversitet, Flyktningtenesten, Handikapforbundet, Revmatikerforeninga, Herøy kameraklubb, Søre Sunnmøre brystkreftforening, Herøy Høgre, Sørøyane Røde Kors, Familievernkontoret Ålesund, Barnas Turlag, Herøy Frimerkeklubb, Herøyspelet, Bergsøy Skulekorps, Amcar Ytre Sunnmøre, Ungdomsavdelinga, Herøy LAN, Bergsøy Gammeldansgruppe.</li><li>• Liste over lag og organisasjonar: vert oppdatert fortløpande. Påminning sendast ut nokre gongar pr. år.</li></ul>

	<p>Lista ligg tilgjengeleg på heimesidene til kommunen og Frivilligsentralen.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Hjelper til med rekruttering av medlemmar.</li> <li>• Påminning og tips via epost, nettside og facebook om kvar, korleis og frist for å søkje tilskot eller prosjektmidler.</li> <li>• Frivilligprisen 2017, skal i 2018 tildelast ilag med dei andre prisane i kommunen under eit felles arrangement.</li> <li>• Tilbod om gratis stand og anna aktivitet på årets sommarfestival.</li> </ul>
<p>Møteplassar, integreringstiltak, bulyst og førebyggjande folkehelse.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Tjukkasgjengen</b> har turar stort sett kvar veke, denne gruppa er no sjølvstyrt.</li> <li>• <b>Strikkekafe'</b> kvar torsdag på dagtid. På kveldstid ein gong pr måned. Samarbeid med Fosnavåg kino om strikke kino.</li> <li>• <b>Eldrebolegen</b>, Dette er eit trivselstiltak for eldre både på institusjonane og heimebuande. Pensjonistlaga; LHL og Frivilligsentralen samarbeider om dette. Vi går tur i nabolaget når det er ver til å vere ute elles enkel trim innandørs. LHL Søre Sunnmøre og Ytre Herøy pensjonistforening har ansvar for trimmen innendørs på begge omsorgssentera.</li> <li>• <b>TV Aksjon</b>, gjekk i år til Unicef, ordførar er leiar av aksjonen, dagleg leiar koordinerer rodeleiarar og bøssebærarar. Vi hadde full bøssebærardekning og resultatet syner 76,- i snitt pr innbyggjar. I tillegg til innsamling i bøsser hadde nokre skular og barnehagar eigne arrangement i høve innsamlinga, samt bedrifter og organisasjonar gav gode bidrag.</li> <li>• <b>Den kulturelle spaserstokken</b>, dagleg leiar er kontaktperson i kommunen. Arbeidsgruppe består av kulturkontakter på omsorgssentera og frivilligsentralen. Etter søknad til Møre og Romsdal fylkeskommune får vi midler til arrangement for eldre og hjelpetrengjande. Dette året har vi hatt 8 arrangement i omsorgssentera og 1 arrangement i forbindelse med eldreårets eldrefest.</li> <li>• <b>Radiobingo</b>, frivillige står for organisering og gjennomføring av denne møteplassen, kvar måndag.</li> </ul>
<p>Hjelpetenester</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Middagsombringning</b> har vi to dagar pr veke. Vi køyrer 2 ulike ruter kvar gong. Det har vorte levert ut ca 2000 middagar, og det frivillige arbeidet utgjer ca 20% stilling. Det er ei fast kjerne på 10 personar som køyrer etter oppsett turnus. Dei som køyrer får køyregodtgjerelse og vi arrangerer «sjåførkaffi» ein gong pr måned. Brukarar må ha vedtak frå pleie og omsorgsavdelinga for å få bringa mat heim til seg.</li> <li>• <b>Høyrselhjelp</b>, personar frå høyrselforbundet kjem to gongar pr måned og hjelper dei som treng det med høyreapparat og rådgjeving. Omlag 60 personar har vore innom og fått hjelp av likepersonane. Dei ga også tilbod</li> </ul>

	<p>om hørseltest under årets sommarfestival om lag 30 personar. Sal av batteri er også ei teneste frivilligsentralen yter utanom hørselhjelpa.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Natteravnar</b>, har eige styre på 6 personar, desse byter på å orientere foreldre som skal vere natteravn, fortrinnsvis fredagar i forbindelse med ungdomsklubbane. Dei har også ravnar på festivalar og i russetida både i Herøy og nabokommunene.</li> <li>• <b>Strøsand til eldre i Herøy</b> etter søknad til Gjensidigestiftelsen fekk vi tildelt 53670,- det vart kjøpt inn 250 handstrøsbokser og 150 påfyllingsbøtter. Herøy produksjon tok arbeidet med klargjering av utstyr, som vart midlertidig lagra på Sanitetshuset. Sidan vinteren kom brått og det vart mykje is og holke, gjekk utdelinga fort, både frivillige, lag og organisasjonar, privat drosjenæring og pleie og omsorgsavdelinga tok del i distribueringa av desse. Vi kan sjølvsagt ikkje måle effekta av dette, men målet med tiltaket er å forebygge beinbrot og andre skader, samt bidra til at fleire eldre vert meir sjølvhjelpete og slepp stor grad av isolasjon om vinteren.</li> <li>• <b>Sykkeltur for eldre med nedsett funksjonsevne</b> Etter søknad til gjensidigestiftelsen fekk vi tildelt 140 000,- til innkjøp av to rickshaws (el-sykel) ein til kvar av omsorgssentera i kommunen. Vi nytta 119231,- av midlane, resten vart tilbakebetalt til gjensidigestiftelsen. Syklane er no i bruk på omsorgssentera, pleie og omsorgsavdelinga har ansvar for bruk og vedlikehald av desse.</li> </ul>
<b>Samarbeidspartar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Frivillige lag og organisasjonar,</li> <li>• Kulturavdelinga.</li> <li>• Frivilligsentralar i nabokommuner.</li> <li>• Herøy kyrkje.</li> <li>• Herøy frikyrkje.</li> <li>• Internasjonal skule.</li> <li>• Natteravnar: ungdomsarbeidar, FAU, MOT, Ytre Herøy ungdomskule, Stokksund skule, Møre skule, Politiet.</li> <li>• Pleie -og omsorgsavdelinga.</li> <li>• NAV flyktning og Internasjonal skule.</li> <li>• Eldrerådet.</li> </ul>
<b>Marknadsføring</b>	<p>Vestlandsnytt med annonser, artiklar og omtaler, Servicekontoret, facebook, heimesider: frivilligheroy.no og heroy.kommune.no, plakatar og oppslag, flyers, epost, sms, «jungeltelegraf» og fornøgde brukarar. Infoskjerm på internasjonal skule.</p>




**Hovedutfordringar/prioritering 2018.**

- Arbeide for å få eit betre samarbeid med andre avdelingar i kommunen.
- Arbeide med opplysing og marknedsføring av nye lokaliteter og ny aktivitet.
- Skape nye og oppretthalde aktivitetar med fokus på bulyst, inkludering og førebyggjande folkehelse.
- Bli endå betre på godt samarbeid med lag og organisasjonar.


Fosnavåg 28.08.2018

  
-Sigurd Nygard, styreleiar-

  
-Britt Paulsen, dagleg leiar-

  
-Karl Anders Brendmo-

  
-Trine Myklebust (vara)-

  
-Magne Nærø-

  
-Terje Krogset-



Dokumentsenter og politisk sekretariat

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	HS	Arkivsaknr:	2018/217
		Arkiv:	033

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
17/18	Valnemnd	20.09.2018
115/18	Kommunestyret	20.09.2018

### FRITAK POLITISKE VERV - REIDUN MYRVÅGNES

#### Tilråding:

1. Reidun Myrvågnes får fritak frå politiske verv ut valperioden.

For fritaksperioden gjeld følgjande:

2. 2. vararepresentant til kommunestyret, Silje Oksholen Gjelseth, rykker inn som fast medlem i kommunestyret for den tida Egil Kjell Leikanger er fast medlem for Rakel Gjelseth, dvs. tom. 31.12.2018.

3. Rakel Gjelseth forlengar ikkje permisjonen, og Egil Kjell Leikanger rykker inn som fast medlem i kommunestyret fom. 01.01.2019 og ut valperioden.

4. For varaplassen i kommunestyret vert saka sendt over til valstyret for nytt valoppgjer.

5. Som nytt medlem av formannskapet vert vald .....

6. Som ny varamedlem i valnemnda vert ..... vald

7. Som ny medlem i komite for næring, kultur og idrett vert ..... vald

8. Som ny medlem i samarbeidsutval ved dei kommunale barnehagane vert ..... vald.

9. Som ny varamedlem i plan og byggnemnda vert ..... vald.

10. Som ny varamedlem i forhandlingsutvalet vert ..... vald.

11. Som ny varamedlem i valstyret vert ..... vald.
12. Som ny varamedlem i kommunedelplan kulturminne av lokal verdi,  
arbeidsgruppe

Særutskrift:  
Reidun Myrvågnes  
Herøy Arbeiderparti  
Dei valde

**Vedlegg:**

Liste over formannskapet, valnemnda, komite for næring, samarbeidsutval, plan og byggnemnda.

**Saksopplysningar:**

Reidun Myrvågnes søker i brev av 08.08.18 om fritak frå politiske verv ut resten av valperioden. Dette grunna helsemessige årsaker.

Reidun Myrvågnes har slike verv:

Kommunestyret – medlem

Formannskapet – medlem

Valnemnda – varamedlem

Komite for næring, kultur og idrett – medlem

Samarbeidsutval ved dei kommunale barnehagane – medlem

Plan og byggnemnda – varamedlem

Valstyret – medlem

Forhandlingsutvalet – varamedlem

Kommunedelplan kulturminne av lokal verdi, arbeidsgruppe – varamedlem

**Fritak:**

Kommunelova §15. *Uttreden. Suspensjon.*

2. Kommunestyret og fylkestinget kan etter søknad fritta, for et kortere tidsrom eller resten av valgperioden, den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjømte sine plikter i vervet.

**For verv som medlem i kommunestyret gjeld:**

Kommunelova §16. Opprykk og nyvalg.

2. Hvis medlemmer av kommunestyret eller fylkestinget trer endelig ut eller får varig forfall, trer varamedlemmer fra vedkommende gruppe inn i deres sted i den nummerorden de er valgt hvis organet er valgt ved forholdsvalg. Er et kommunestyre valgt ved flertallsvalg, trer varamedlemmer inn i den nummerorden de er valgt.

**For verv som medlem av anna folkevald organ gjeld:**

Kommunelova §16. Opprykk og nyvalg.

3. Dersom et medlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre og fylkesting, kommunestyrekomité og fylkestingskomité trer endelig ut, velges nytt medlem, selv om det er valgt varamedlem. Organet skal suppleres fra den samme gruppe som den uttredende tilhørte. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det så langt det er mulig velges nytt medlem fra det underrepresenterte kjønn.

**For val av eit eller fleire faste eller midlertidige varamedlemer gjeld:**

Kommunelova §16. Opprykk og nyvalg.

5. Er antallet varamedlemmer eller en gruppes varamedlemmer til formannskapet, fylkesutvalget eller et annet folkevalgt organ valgt av kommunestyret eller fylkestinget blitt utilstrekkelig, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge ett

eller flere faste eller midlertidige varamedlemmer. Suppleringsvalg skal skje fra den gruppen som har et utilstrekkelig antall varamedlemmer. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av varamedlemmene til organet eller gruppens varamedlemmer, skal det så langt det er mulig velges nytt varamedlem fra det underrepresenterte kjønn. Myndigheten til å foreta suppleringsvalg til andre organer enn formannskapet eller fylkesutvalget kan delegeres til formannskapet eller fylkesutvalget.

For suppleringsval gjeld:

Kommunelova §16. Opprykk og nyvalg.

6. Ved suppleringsvalg etter nr. 3 og nr. 5 kan vedkommende gruppe selv utpeke den som skal rykke inn på den ledige plassen. Gruppen underretter deretter kommunestyret eller fylkestinget, som velger vedkommende dersom de lovbestemte vilkår er oppfylt. Tilsvarende gjelder ved suppleringsvalg i henhold til nr. 5 siste punktum.

Departementet meiner at uttrykket «den ledige plassen» må ha ei slik forståing: *at dersom ein plass i ei rekkjefølgje av vararepresentantar – t.d. nr. 3 – er blitt ledig, skal den nyvalde ikkje gå inn på denne plassen. Vedkomande vil då måtte bli plassert sist i rekkjefølgja.*

For ledig vararepresentantplass i kommunestyret gjeld:

Valgloven § 14-2 (2):

*Det skal også foretas nytt valgoppgjør når en vararepresentantplass er blitt ledig, dersom fylkesordføreren eller ordføreren finner dette nødvendig.*

Kommunelova med kommentarar, av Bernt og Overå, seier slik om suppleringsval til valalista til kommunestyret:

*«Dersom det er en vararepresentantplass (til kommunestyret) som blir stående ledig, kan ordføreren etter valglovens § 14-2 annet avsnitt foreta en skjønnsmessig vurdering av hvorvidt det er nødvendig å foreta et nytt valgoppgjør. De momenter som her normalt tas i betraktning, er hvor mange representanter gruppen har i kommunestyret, hvor mange vararepresentantplasser som fortsatt er besatt, og hvor lenge det er igjen til neste valg.*

(...)

*Den formelle oppnevning av vedkommende som vararepresentant skal foretas av valgstyret»*

Fosnavåg, 12.09.2018

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Sakshandsamar: Hilde Bringsvor Skinnes

## Formannskap og valstyre 2015-2019:

	Medlemer	Varamedlemer
Høgre, Frp, KrF	Arnulf Goksøyr Ann-Kathrin (Tine) Storøy Camilla Storøy Ole Arne Brubakk Solveig N. Båtsvik	1. Stig Arne H. Sævik 2. Margareth Leinebø 3. Bjørn Otterlei 4. Linn Therese Sævik 5. Thor Sigmund Garvik 6. Idar Tarberg 7. Edel K. Goksøyr
Ap	Svein Gjelseth Reidun Myrvågnes Per Kristian Furø	1. Olaug Andreassen 2. Jens Terje Johnsen 3. Sofie M. Arntsen 4. Leiv Aarflot 5. Gerd Kopperstad
Folkelista/SP	Kjell Runde	1. Bjarne Kvalsvik 2. Kaja Runde 3. Frank Roy Moltu

**Valnemnda 2015-2019:**

Ap

Medlem:  
Per Kristian Furø, nestleiar

Varamedlem:  
1. Reidun Myrvågnes  
2. Runar Stave

H

Medlem:  
Idar Tarberg, leiar

Varamedlem:  
1. Ann-Kathrin a(Tine) Storøy  
2. Stig Arne H. Sævik

KrF

Medlem:  
Ole Brubakk

Varamedlem:  
1. Linn Therese Sævik  
2. Edel Goksøy

Frp

Medlem:  
Solveig Båtsvik

Varamedlem:  
1. Knut Johan Voldsund  
2. Thor Sigmund Garvik

Folk/Sp

Medlem:  
Bjarne Kvalsvik

Varamedlem:  
1. Kjell Runde  
2. Kaja Runde

V

Medlem:  
Henry Jøsokbakke

Varamedlem:  
1. Marit Nerlid  
2. Gunnlaug Kleppe

## Komite næring, kultur og idrett 2015-2019:

Krf/ Frp/ H

Medlem:

Stig Arne H. Sævik

Janne-Kathrin Sævik

Hilde Marie Brungot

Knut Johan Voldsund

Varamedlem:

1. Edel K. Goksøy

2. Norvald Muren

3. Ove Stenersen

4. Joakim Eiksund

5. Dag Johan Flattun

6. Marthe Vågsholm Sævik

Ap/V

Medlem:

Henry Jøsokbakke

Reidun Myrvågnes

Varamedlem:

1. Leiv Aarflot

2. Arne Ringstad

3. Henriette R. Hansen

4. Hanne Garnes

Folk/SP

Medlem:

Bjarne Kvalsvik

Varamedlem:

1. Kari Mette Runde Eide

2. Roy Are Skår

3. Greta Kvalsvik



**Samarbeidsutval for kommunale barnehagar 2015-2019:**

	Medlem:	Varamedlem:
Leikanger barnehage:	Hanna Jøsokbakke	Jan Helge Langberg
Myrsnipa barnehage:	Arne Ringstad Gunlaug Kleppe	Alf Gunnar Skogen Åse R. Lynge
Moltu barnehage:	Anja Lillestøl	Alis Grethe Nerlid
Bergslia barnehage:	Reidun Myrvågnes Frank Otto Kvalsvik	Anette Koteng Hogne Longva

**Plan- og byggenemnda 2015-2019:**

Folk/SP/Krf/ Frp/ H:

Medlem:

Margareth Leinebø, nestleiar

Thor-Sigmund Garvik, leiar

John Nerem

Kaja Runde

Varamedlem:

1. Hans Sande

2. Ann-Kathrin (Tine) Storøy

3. Knut Johan Voldsund

4. Camilla Storøy

5. Ove Stenersen

6. Mona Ryssevik

Ap/V:

Medlem:

Tord Vågsholm

Varamedlem:

1. Lilly-Arlen Larsen

2. Robert Kleppe

3. Reidun Myrvågnes

### **Forhandlingsutvalet 2015-2019:**

Folk/SP/Krf/ Frp/ H

Medlem:

Arnulf Goksøyr, leiar  
Camilla Storøy  
Solveig Båtsvik, nestleiar  
Kjell Runde

Varamedlem:

1. Ann-Kathrin (Tine) Storøy
2. Ole Brubakk
3. Margareth Leinebø
4. Thor-Sigmund Garvik
5. Kaja Runde
6. Stig Arne H. Sævik

Ap/V

Medlem:

Per Kristian Furø

Varamedlem:

1. Reidun Myrvågnes
2. Svein Gjelseth
3. Sofie M. Arntsen

### **Arbeidsgruppe kommunedelplan kulturminne av lokal verdi:**

Medlemer: Stig Arne Helsem Sævik

Reidun Myrvågnes